



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 43/20 | Formannskapet | 10.03.2020 |
| 26/20 | Kommunestyret | 10.03.2020 |

Sande kommune - Samfunnsplan, offentlig ettersyn og høyring av planprogram

Samandrag:

Sande kommunestyre gjorde i k.sak 11/20 vedtak om å starte opp arbeidet med å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel.

Sande kommunestyre vedtek å sende vedlagte planprogram for ny samfunnsplan ut til offentlig ettersyn og høyring.

Kommunestyret 10.03.2020:

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KST- 26/20 Vedtak:

1. Sande kommunestyre vedtek å sende vedlagte planprogram for ny samfunnsplan ut til offentlig ettersyn og høyring i hht §11-13 i plan- og bygningsloven.
2. Sande kommunestyre vedtek at formannskapet skal være styringsgruppe for planarbeidet med ny samfunnsplan.

Formannskapet 10.03.2020:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

FSK- 43/20 Vedtak:

Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre vedtek å sende vedlagte planprogram for ny samfunnsplan ut til offentlig ettersyn og høyring i hht §11-13 i plan- og bygningsloven.
2. Sande kommunestyre vedtek at formannskapet skal være styringsgruppe for planarbeidet med ny samfunnsplan.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommunestyre vedtek å sende vedlagte planprogram for ny samfunnsplan ut til

- offentlig ettersyn og høyring i hht §11-13 i plan- og bygningsloven.
2. Sande kommunestyre vedtek at formannskapet skal være styringsgruppe for planarbeidet med ny samfunnsplan.

Vedlegg:

Framlegg til planprogram 2020

Saksopplysningar:

Sande kommunestyre gjorde i k.sak 11/20 vedtak om å starte opp arbeidet med å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel.

Plan og bygningslova er «prosesslova» som regulerer korleis planarbeidet skal gjennomførast. Viktige milepælar i planarbeidet er:

- Pbl. § 11-12: Oppstart av arbeid med kommuneplan
- Pbl. § 11-13: Utarbeiding av planprogram
- Pbl. § 11-14: Høyring av planforslag
- Pbl. § 11-15: Vedtak av kommuneplan

Samfunnsdelen er kommunen sin overordna plan for utvikling av samfunnet og organisasjonen. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Sande kommune som samfunn og for kommunen som organisasjon. Kommuneplanen skal samtidig ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Målsettingane i samfunnsdelen vil vere førande for kommunedelplanar/temaplanar og kommunen sin arealdel.

Ein vedteken samfunnsplan gir grunnlag for kommune sine ulike prioriteringar innanfor kommunen sine økonomiske rammer og handlingsrom.

Arbeidet med kommuneplanen skal fastsettast gjennom eit planprogram. I planprogrammet skal ein gjere greie for formål, planprosess, framdrift, mm.

Sande kommune sin gjeldande samfunnsdel er frå 2009.

Formålet med dennesaka er å gjere vedtak om å legge vedlagte planprogram ut til offeljing ettersyn og høyring. 6 veker er normal tid for slik offelig ettersyn og høyring.

Vurdering og konklusjon:

I hht plan og bygningsloven skal planprogrammet gjere greie for formålet, planprosessen inkl framdriftsplan og medverkand. I vedlagte framlegg til planprogram er dette omtalt.

Det er eit uttrykt ynskje om at ein revidert samfunnsplan for Sande kommune skal vere førande for budsjettarbeidet for 2021 med tilhøyrande økonomiplan. Dette medføre ein svært stram tidsplan. Det vil kunne verte behov for å justere den politisk møteplanen for å holde skisserte framdriftsplan.

Ein planprosess må slutførast gjennom eit plandokument. Gjeldande plandokument har ein hovedstruktur som ser slik ut:

- Visjonsbilde og verdsett
- Overordna målsetting
- Perspektiva om at
 - I Sande vil vi.
 - I Sande bur vi.
 - I Sande gjer vi.

Ein legg opp til at dette også vert den førande strukturen i nytt plandokument.

Kommunedirektøren rår til å legge vedlagte framlegg til planprogram ut til offeling ettersyn og høyring.

Likestillingsmessige sider ved saka: Nei

Konsekvensar for folkehelsa: Nei

Miljøkonsekvensar: Nei

Økonomiske konsekvensar: Ukjente pr no, evt kostnader vil måtte dekkast på drift.

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Nei

Utskrift vert sendt til:

- Offentlige mynder.

Trond Arne Aglen
kommunedirektør